7

# MÆLEBREV.

## Kommuneingeniøren paa Vossevangen

**gjer kunnigt:**

1 Aar 19 34 den 6te april vart det, i samhøve med § 57 i „Lov om bygningsvesenet av 22. februar 1924", etter krav fraa driftstyrer Tjøstolf Østebø halde ei uppmælings- og skylddelingsforretning over det jordstykki som han har kjøpt av Anna K. Vinje, og uppmælingsforretning over det jordstykke han har kjøpt av Vossevangens bygningskom. Underskrivne styrde forretningi, og kartvitni (et) var tilstades. Det vart lagt fram sovori

## Kartstemning:

Etter krav fraa driftsstyrer Tj. Østebø

vert det halde uppmælings- og skylddelingsforretning den 6/4-34

over: hans eigedom „Blankberg" gnr. 49 bnr. 1 og over to parceller av gnr. 49 bnr. 1 som han har kjøpt av Anna Vinje Rogne

Difor varslar me med dette eigaren eller innehavaren av vedkomande jordstykke, og like eins varslar me eigarar eller innehavarar av innmedliggjande jordstykke, til aa møta paa aastaden for aa passa sin bate. Dei maa taka med seg heimelsbrevi paa eigedomane sine: **Skylddeling**, siste skøyte, kjøpekontrakt, **mælebrev**, grunnsetel eller liknande.

*Vossevangens bygningskommune*, den 6/4 - 1934

Tor Lun. Kvamme
kommuneingeniør.

Med dette vedtek eg lovleg kunngjering og varsel til den fastsette tid.

Voss, den 6/4-1934

Tjøstolf Østebø, kjøpar, Anna Vinje selger
for Vossevangens bygg. komm. Tor Lun. Kvamme (etter uppdrag).

Til stades ved forretningi var:

Tj. Østebø og Lars O. Vinje som møtte for Anna Vinje

Grensone for tomti vart paaviste og godkjende, og uppmælingi gjekk for seg. Formi og viddi paa tomti gjeng fram av kartet paa næste sida og av utgreidingi og merknadene.

1 Tomteviddi er 3175 m² som vert skild ut fraa gr.nr. 49, br.nr. 1 av skyld mark 4.00.
2 — " — " 675. " " tilleggsareal " " — " " 49 — " 1.
1 Skyldi for den fraaskilde delen vart sett til mark 0.01
2 — " — " — tilleg — " — — " — " " " 0,01
Paa hovudbølet er daa att mark 3.99
Den fraaskilde delen fekk bruksnamnet „Blankberg"

År 1934 den 6te april vart det etter krav frå driftsstyrar T. Østebø halde ei uppmælingsforretning over gr.nr. 49 br.nr. 11 „Blankberg" som han har kjøpt av Vossevangens bygningskommune, merkt på kartet med bokstavane A.D.E.J.H., Likeens vart det halde uppmælings og skylddelingsforretning over to små jordstykke som driftsstyrar T. Østebø har kjøpt av Anna K. Vinje, eigar av gr.nr. 49 br.nr. 1. Rogne; desse er merkt på kartet med bokstavane A.B.C.D og E.F.G.H.J

Form og vidde [317 m²] av desse jordstykke syner kartet M 1:200 på andre sida.

Ved denne forretning vart jordstykke ABCD og EFGHJ skilt ut og skyldsett frå gr.nr. 49 br.nr. 1. Rogne under bruksnamnet „Blankberg". Skyldi vart fastsett til 1 øre

Jordstykke ADEJH er resten av det jordstykke som ved skylddelingsforretning dagsett 9/4 1890 vart skilt ut og skyldsatt frå gr.nr. 49 br.nr. 1 under bruksnamnet „Blankberg". Skyldi er no 1 øre, og vidde er 675 m²

Då eigaren av desse jordstykka ynskjer å få dei slegne saman til eit br.nr. under bruksnamnet „Blankberg" vart dei nedanfor tekne under eitt.

Jordstykka A.B.C.D.E.F.G.H.J. vart ved uppmælinga knytt til dei faste polygonpunkt som kartet syner, og er avgrensa soleis:

I sud og vest av nordsida av Ringheimsvegen i nord og aust av gr.nr. 49 br.nr. 1. Rogne.

Frå punkt A går skiftelina i nordvestleg retn. 4,23 m til punkt B. vidare i nordaustleg retn. 7,95 m. til punkt C vidare i sudaustleg retn. 4,14 m til punkt D vidare i nordaustleg retn. 18,34 m + 4,97 m. til punkt F vidare i sudaustleg retn. 17,57 m + 23,18 m + 0,90 m. til punkt G. Frå punkt G etter nordsida av Ringheimsvegen attende til utgangspunktet A.

Driftsstyrar Østebø gjev Vossevangens bygningskommune bruksrett, utan vederlag, gjenom jordstykke ABCD so lenge Vossevangens bygningskommune har bruk for det, mot at Vossevangens bygningskommune held gjerde langsmed lina B-C og C-D i bruksstidi.

Gjerdehaldet elles kviler på eigaren og seinare eigarar av „Blankberg".

Me vitnar: at det ved delingi ikkje er skipa noko nytt hopehav.

Partane vart gjort kjende med at dei kann krevja overskyn paa fastsetjingi av skyldi, og at kravet i so fall maa vera framsett for sorenskrivaren innan 3 maanader fraa den dagen daa denne forretningi er tinglyst.

Me vitnar at me har utført forretningi etter beste skyn og overtyding i samhøve med svoren eid.

Hermed er forretningi enda.

| | | |
|---|---|---|
| A. E. Hoen | Torstein Kvamme | T. R. Lie |
| kartvitne. | ~~etter fullmakt.~~ | kartvitne. |

Til bygningskommunen sin kasserar vert aa betala:

| | | |
|---|---|---|
| for uppmæling . . . . . . . . . . | kr. | 40.00 |
| „ kartteikning . . . . . . . . . . | „ | 15.00 |
| „ kartvitni . . . . . . . . . . . . | „ | 15.00 |
| | „ | |
| | „ | |
| | kr. | 70.00 |

Eg vitnar at det som stend framanfor er i samhøve med den underskrivne kartprotokoll.

Me samtykkjer i delingi.

*Vossevangens bygningsraad*, den ..................

Godteke til tinglysing .................................. 19

Tinglyst ved ..................................

Avgift for tinglysingi kr. ..................

Den fraaskilde delen har fenge br.nr. 11 og 103.

Kart over gr. nr. 49 br. nr. 11 og 143 Blankberg

M 1:200

